



Sandøy kommune  
6427 Harøy

## **GEBYRREGULATIV - BYGGESAKSBEHANDLING**

### **ALMINNELIGE BESTEMMELSER**

Gebyr vedteke med heimel i plan- og bygningslova § 109 og gjeld tiltak som blir behandla etter forskrift om saksbehandling og kontroll av 22.01.97 nr. 34.

Gebyrregulativet tek utgangspunkt i bygningar som er definert i GAB-registeret. Regulativet gjenspeglar det faktiske saksbehandlingsarbeidet dei forskjellige sakstypene medfører. Gebyret er bygd opp av to element - eit basisgebyr som avspeglar hovudtyngda av arbeidet innafør kvar sakskategori avhengig av tiltaksklasse, og eit arealgebyr som fangar opp meirarbeid som følgje av størrelsen på bygget. I tillegg kjem gebyr for godkjenning av ansvarlege.

#### **§ 1 Gebyret omfattar**

Totalt gebyr omfattar.

Saksbehandling, godkjenning av ansvarlege, dokumentkontroll, kontroll av plassering og høgde samt tilsyn i byggeperioden. Krav om gebyr blir sendt til tiltakshavar.

Situasjonskart etter § 19 i SAK er ikkje inkludert i gebyrsatsane.

#### **§ 2 Betalingsplikt**

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling blir det lagt til purregebyr på kr 50 samt forsinkelsesrenter.

#### **§ 3 Gebyrberekningsstidspunkt / Avrekning**

Gebyret blir berekna på det tidspunktet blir gjort vedtak, f.eks. rammeløyve og/eller igangsettingsløyve, melding/enkle tiltak.

#### **§ 4 Fakturerings- og betalingstidspunkt**

Når det blir gjort vedtak i samband med søknad om rammeløyve, skal det normalt fakturerast 50% av fullt gebyr. Dei resterande 50% blir fakturert etter at igangsettingsløyve er gitt. Gebyr for rammeløyve skal vere betalt før ingangsettingsløyve blir gitt. Gebyr for evt. dispensasjonar skal betalast når det blir gitt rammeløyve. Beløp under kr 2 000,- skal ikkje delast og forfell 30 dagar etter fakturadato. Gebyr under kr 200,- blir ikkje fakturert.

#### **§ 5 Kombinerte bygg**

Dersom bygninga består av fleire funksjonar skal gebyret bereknast etter dei enkelte delane.

**§ 6 Midlertidige bygningar og bruksendringar**

Ved midlertidige bygningar skal det betalast fullt gebyr i den kategori bygget omfattar.

Ved bruksendringar betalast 50% av fullt gebyr for den kategori bygget skal nyttast.

**§ 7 Prosjekt som kjem inn under fleire tiltaksklasser**

Ved prosjekt som kjem inn under fleire tiltaksklasser blir gebyret rekna etter tiltaks-klasse for ansvarleg søker.

**§ 8 Avslag**

Ved vedtak som medfører avslag på ramme/igangsettingsløyve/melding/enkle tiltak, blir tiltakshavar belasta med 10% i forhold til opprinneleg fullt gebyr.

Ved klagebehandling der tiltakshavar ikkje får medhald, blir det rekna fullt gebyr.

**§ 9 Urimelege gebyr**

Dersom ein ser at gebyret blir klart urimeleg i forhold til det arbeid og dei kostnader byggesaksavdelinga har hatt med saka eller klart urimeleg av andre grunnar, kan teknisk sjef fastsetje passande gebyr.

**§ 10 Klage**

Fastsetjing av gebyr i den enkelte sak kan ikkje påklagast. Teknisk sjef si avgjersle av søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Klageinstans er kommunal klagenemnd.

**§ 11 Ulovleg bygging**

På grunn av kommunen sine gjennomsnittlege meirutgifter ved saksbehandling av ulovleg ignagsette tiltak, blir det pålagt eit behandlingsgebyr på 2 gonger fullt gebyr, minimum kr 2 000,- ved igangsetjing av tiltak der kommunen ikkje har gitt førehandsløyve. Gebyret skal også betalast der søknaden medfører avslag.

**§ 12 Gebyr for sakkyndig bistand**

Kommunen kan krevje at det skal engasjerast fagkonsulent for kontroll av statiske berekningar, geotekniske vurderingar, ventilasjonsanlegg og andre spesielle konstruksjonar. For slik kontroll kan det krevjast eit gebyr i tillegg til konsulentutgifter på kr 350,-.

**Gebyrregulativet gjeld frå 01.01.99**

Teknisk etat 10.09.98